

Osterøy  
kommune

# OSTERØY KOMMUNE

## HAUS BARNEHAGE



## VELKOMSTSKRIV 2021 – 2022

### KONTAKTINFORMASJON

E-post adressa til barnehagen: [haus.barnehage@osteroy.kommune.no](mailto:haus.barnehage@osteroy.kommune.no)

Tlf. nr. Haus barnehage: 56 19 27 40

Tlf. nr. Maurtua: mobil 94508707

Tlf. nr. Sommarfugl: mobil 40912087

Tlf. nr. Marihøna: mobil 94508706

Tlf. nr. Tusenbein: mobil 40912084

# INNHALDSLISTE

## Innhold

VELKOMEN TIL HAUS BARNEHAGE .....	3
1. VISJON .....	3
2. ORGANISERING : .....	4
4. INFORMASJONSRUTINAR .....	5
5. OPNINGSTID .....	5
6. PLANLEGGINGSDAGAR .....	6
7. FERIE .....	6
8. DAGSRYTME .....	7
9. FORELDRESAMARBEID .....	8
10. HENTE OG LEVERE BARNET I BARNEHAGEN .....	10
11. MÅLTID .....	10
12. TRADISJONAR/ MERKEDAGAR I BARNEHAGEN .....	11
13. KLEDE .....	11
14. BURSDEGSFEIRING .....	12
15. SJUKDOM .....	12
18. VEDLEGG .....	14
HENTING AV BARN I BARNEHAGEN OG TELEFONLISTE .....	18
VOGNERUTINER .....	19
SAMTYKKEERKLÆRING .....	20
RÅD OM MÅLTID I BARNEHAGEN – HELSEDIREKTORATET .....	21
ERKLÆRING OM HELSETILSTAND FOR BARN I HAUS BARNEHAGE .....	22

## VELKOMEN TIL HAUS BARNEHAGE

Haus barnehage er ein fire - avdelingsbarnehage. Barnehagen ligg i Haus sentrum og Osterøy kommune eig og driv barnehagen etter vanlege kommunale vedtekter og instruksar (sjå vedlegg). Barnehagen ligg flott til med nærleik til både Mjeldavatnet, sjø og fjell. Me har vår eigen robåt og eit stort og godt bålhus. Me har også ein flott lavvo på Åsheim som dei største borna nyttar ofte.

### 1. VISJON

**«Haus barnehage skal vera ein trygg og god plass der borna kan leika, læra, oppleva og utvikla seg saman med andre»**

Dette er visjonen for Haus barnehage. Me har fokus på å skapa ein trygg og god atmosfære både for born, foreldre og tilsette. Haldningane skal vera positive og prega av respekt. Vi ynskjer å ha ein open og god kommunikasjon.

**«Saman om ein god barndom»**

Visjonen er felles for alle barnehagane i Osterøy kommune.

- Personalet skal saman med foreldra, og i samspel med kommunen elles, leggja til rette for leik og læring.
- Verdas viktigaste verdiar er barna våre, og det er barna som skal forme framtida. Vi vil at barna opplever meistring og glede.
- Barnehagen skal vere prega av trygge barn som viser kvarandre respekt og omsorg. Og vennskap som gir rom for utvikling og gode opplevingar.

Frå hausten 2019 har me ein felles kvalitetsplan for barnehageverksemda i Osterøy kommune. Denne gjeld for alle dei kommunale barnehagane og er eit grunnlag for utarbeiding av barnehagen sin årsplan

## **2. ORGANISERING :**

**Barnehagen er organisert i tre avdelingar frå hausten 2021 :**

Mariehøna: 1-2 år

Maurtua /Tusenbein: 3 - 4 år

Sommarfugl: 5 år (førskulegruppe)

### **PERSONALET :**

Styrar: Berit Karin Vik, 100% stilling

Styrarassistent: Merete Birkeland Helle, 40% stilling

#### Mariehøna 1-2år

Pedagogisk leiar: Anna Vedå, 100% stilling

Pedagogisk leiar: Anna Helle, 100% stilling

#### Maurtua 3-4år

Pedagogisk leiar: Linda Lundgren 100% stilling

Pedagogisk leiar: Elin Tinbod, 100% stilling

#### Sommarfugl 4-5 år

Pedagogisk leiar: Heidi Hundhammer, 100% stilling

Pedagogisk leiar: Merete Birkeland Helle, 60% stilling

## 4. INFORMASJONSRUTINAR

Vi forventar at foreldre held seg oppdatert og føl med på det som skjer i barnehagen;

- Lese velkomstskriv, vedtekter, årsplan og månadsplan
- Følgje med på oppslagstavla i garderobe og infoskriv på døra.
- Delta på foreldremøte, foreldresamtalar og arrangement i barnehagen.
- De vil få tilgang til Vigilo, som er eit digitalt kommunikasjonsverktøy. De vil kunna logga dykk inn når barnet dykkar byrjar i barnehagen.
- På kommunen si heimeside finn de kvalitetsplan og lenker til ulik informasjon som gjeld barnehage.

Ikkje ver redd for å spørje om det er noko de lurar på. Personalet skal gje naudsynt informasjon.

### **Korleis gje oss informasjon?**

Vi ynskjer å gje alle barn ein god kvardag i barnehagen. De foreldre er våre viktigaste samarbeidspartar – fordi de kjenner barna dykkar best.

Gje oss beskjed om det er noko når de leverer og hentar barna dykkar. Viktig informasjon vert skrive ned, t.d. om andre skal henta, medisinar og andre ting som kan påverke dagen. De kan og bruka Vigilo til å gje oss den informasjonen.

Når de hentar barna, formidlar personalet kva barna har gjort på i løpet av dagen.

Om de ynskjer å ta opp saker det ikkje høver seg å ta i garderoben – be om ein prat eller ta ein telefon!

Vi ynskjer at de som foreldre skal ta opp saker med oss som de er opptatt av – sei ifrå både om det som er bra og det som er mindre bra!

## 5. OPNINGSTID

Barnehagen opnar kl. 07.00 og stenger kl. 16.30 kvar dag. Vi ber om at de viser respekt for tidene, då personalet si arbeidstid startar og sluttar til desse tidspunkta!

## **6. PLANLEGGINGSDAGAR**

Barnehagen er open heile året, med unntak av tre veker om sommaren.

Julafta og nyttårsaftan er barnehagen også stengt. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl.12.

Vi sender ut informasjon i forkant og ber om tilbakemelding på kor mange barn som kjem i romjula og i dagane før påske.

Barnehagen har seks planleggingsdagar i løpet av året, då er barnehagen stengt. Dagane vert nytta til å utvikla den pedagogiske verksemda.

Foreldrebetaling er for 11 månader. ( Ikkje betaling for juli månad)

I barnehageåret 2021 – 2022 skal vi ha desse planleggingsdagane:

09.08.2021

13.09.2021

05.11.2021

03.01.2022

28.02.2022

26.05.2022

## **7. FERIE**

Barnehagen er stengt tre veker i juli og då må borna ta ferie.

Nytt i vedtektene frå 2021 for Osterøy kommune er at planleggingsdagane blir rekna som den 4.ferieveka.

Barna kan sjølvsagt ta fri når de måtte ønskja det!

Registrer det i Vigilo.

## **8. DAGSRYTME**

### SOMMARFUGL OG MAURTUA

**07.00-07.30:** Roleg leik på avdelingane

**07.30-08.00:** Frileik på avdelingane

**08.00-08.30:** Frukost

**08.30-09.30:** Frileik

**09.30-11.30:** Planlagde aktivitetar

**11.30-12.00:** Lunsj

**12.00-14.40:** Frileik ute

**14.40:** Fruktmåltid

Resten av dagen har barna frileik enten ute eller inne.

**16.30:** Barnehagen stenger

### TUSENBEIN OG MARIHØNA

**07.00-07.45:** Roleg leik på avdelingane

**Ca 07.45-08.30:** Frukost

**08.45-09.30:** Frileik

**09.30:** Planlagde aktivitetar. Tusenbein har samlingsstund før dei byrjar på aktivitetane

**11.00:** Samlingsstund for Marihøne barna

**11.15/11.30:** Marihøna et lunsj kl. 11.15 og Tusenbein et lunsj kl. 11.30

**Ca 12.00:** Borna som skal sove søv- dei andre leikar

**14.00:** Fruktmåltid

**15.00:** Uteleik på små sida

**16.30:** Barnehagen stenger

## 9. FORELDRESAMARBEID

Barnet skal føle seg velkommen i barnehagen, og vert møtt av ein vaksen i garderoben eller på avdelinga om morgonen.

Den daglege kontakten mellom foreldre og personalet er viktig for barnet sin tryggleik, og dess meir vi utvekslar av informasjon og erfaringar, dess lettare er det å imøtekome barnet sine behov i ulike situasjonar. Vi har i tillegg to foreldresamtaler kvart år med innhald som går på barnet si utvikling og trivsel. Har ein behov utover dette kan ein avtale ekstra tid med personalet.

I tillegg til den daglege kontakten og samtalar, har vi to foreldremøte i året. Eit om hausten og eit om våren. På desse møta informerer og drøftar vi innhaldet og drift i barnehagen. Vi tek og opp ulike tema som omhandlar barn si utvikling og barn sine behov.

### **FORVENTNINGAR TIL DYKK FORELDRE**

Det er viktig at det vert nemnt noko om kva forventningar vi har til kvarandre; oss i barnehagen – dykk foreldre. Om de har noko på hjartet så ver så snill og sei det til oss. Usagde forventningar vert ofte rot til ein del misforståingar som lett kunne vore unngått.

Våre forventningar til dykk foreldre er;

- At de seier ifrå om barnet ikkje kjem i barnehagen, vert henta av andre eller til andre tidspunkt.
- Eit «hei!» når vi møtes.
- At personalet vert informert om hendingar eller opplevingar som har betydning for barnet.
- At barnet har riktige og nok klede etter veret.
- At planar, oppslag og brev vert lest.
- At de tar omsyn til barnet. Når det er sjukt eller i dårleg form er det best å vere heime.



## **FORELDRERÅD/SAMARBEIDSUTVAL**

For å sikre samarbeid med heimane, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna og skal fremme deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ, og er ein viktig arena for brukarmedverknad. I SU drøftar ein praktisering av barnehagens føremål, fastsett årsplanen og gir elles råd og innspel, og legg opp til ulike arrangement for å skape kontakt mellom heimane og barnehagen.

Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen. Kvar gruppe skal vere likt representert. Eigar av barnehagen kan delta etter eige ønskje. Osterøy kommune vel ein politiskar som set i SU i 4 år.

Eigar skal sørge for at viktige saker blir lagt fram i foreldrerådet og samarbeidsutvalet. I barnehagen vår har vi to SU møter kvart år.

## **TEIEPLIKT**

Personalet i barnehagen har underteikna teieplikt som sikrar at uvedkomande ikkje får kjennskap til personlege og private tilhøve som vedkjem foreldra og barna i barnehagen.

## **POLITIATTEST**

Alle tilsette i Haus barnehage har levert inn politiattest.

## **FORSIKRING**

Alle barna er forsikra når dei har ein plass i dei kommunale barnehagane.

## 10. HENTE OG LEVERE BARNET I BARNEHAGEN

Dersom det er andre enn foreldre/føresette som skal hente barnet, skal vi ha melding om dette (sjå vedlagt skjema). De kan og bruka Vigilo til dette.

Det er fint om de gir oss beskjed på Vigilo dersom barnet kjem seinare i barnehagen enn klokka 09.30, eller ikkje kjem i det heile.

Ved levering og henting er det svært viktig at de foreldre ser til at ingen barn spring ut av porten.

**Porten skal alltid vera lukka !**

## 11. MÅLTID

Vi har tre måltid i løpet av barnehagedagen; frukost, lunsj og fruktmåltid.

Vi har stort sett faste plassar ved bordet og felles start og avslutning. Dette gir barna gode vaner og god bordskikk.

### Frokost:

Medbrakt frokost et vi på avdelingane mellom kl.08.00-08.30. Barna får velgje mellom mjølk og vatn til drikke.

### Lunsj:

Vi har smørjemåltid fire dagar i veka.

Barna får velje sin eigen mat, og dei får trening i å smørje maten sin sjølv. Vi legg vekt på å gje barna sunn og variert mat. Vi følg sosial- og helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen. Enkelte dagar et vi varm lunsj både ute og inne.

Ein dag i veka er det matpakkedag og borna må ha med seg mat til lunsj.

### Fruktmåltid:

Vi serverer barna frukt. Dette er også eit viktig måltid i barnehagen. Vi merkar at barna treng litt ekstra i magen på denne tida av dagen. Dei barna som ynskjer meir mat, får ete mat frå matboksen sin, eller så får dei skiver her i barnehagen.

### Matpengar

**Kr. 250,- for 5 dagars plass**

Betaling av matpengar kjem på same faktura som foreldrebetalinga.

## 12. TRADISJONAR/ MERKEDAGAR I BARNEHAGEN

- **Foreldrecafe:** I samarbeid med SU
- **Lucia:** Me markerer Lucia i barnehagen
- **Nissefest:** Barna kler seg ut som små nissar. Me går nissemarsj og et nissegraut.
- **Påskefrukost:** Vi inviterer foreldre og barn til frukost i barnehagen.
- **Sumarfest:** Foreldra inviterer til grillfest her i barnehagen.
- **Bursdagsfeiring:** Vi feirar kvart barn sin bursdag med krone og song. Borna får velje seg bursdagsklede i bursdagsskapet og dei får sitje på den flotte bursdagsstolen.

## 13. KLEDE

Det er viktig at barnet er riktig og hensiktsmessig kledd i barnehagen, Borna er aktive i barnehagen – dei leiker, klatrar, malar osv. Det er godt for dei å ha kle som er gode å bevega seg i - og som tåler ein flekk eller to.

Dei må ha kle til all slags vær. Vi er mykje ute. Barnet må alltid ha minst eit fullt byttesett liggjande i barnehagen, i tillegg til ytterkle.

Det er svært viktig at **de merkjer alle klede, støvlar, sko og inne -sko.**

Kle og utstyr i barnehagen (Sjå eigen liste)

- Klesbyte: Gensar, bukse, underkle, sokkar, t –skjorte og shorts.
- Regnkle, dress og utekle
- Støvlar,/ vanntette sko, joggesko, innesko
- Ekstra gensar og bukse i ull eller fleece, hals/buff, ullsokkar, lue, vottar og vintersko
- Bleier – vanlege med tape, ikkje Up & Go
- Vogn og pose.

Om de lurar på noko ang. kle – spør personalet, dei har lang erfaring med barn og påkledning!

## 14. BURSDAGSFEIRING

Bursdagar feirar vi utan kake og is. Vi fokuserer heller på barnet og er opptatt av å lage dagen spesiell for barnet. Vi har krone, prins- og prinsessekappe, flagg, song m.m. Barnet opplever å vera i fokus denne dagen, og får med seg krone og bursdagshelsing heim.

Erfaring viser at det blir mykje fokusering på kven som blir og ikkje blir invitert i bursdagar. Vi har observert at barn blir lei seg og kan bli utestengt frå leiken, fordi dei ikkje er invitert i den aktuelle bursdagen. Vi ber derfor foreldre om ikkje å dele ut invitasjonar i barnehagen.

## 15. SJUKDOM

Barn som er sjuke skal i utgangspunktet ikkje vera i barnehagen. Dette av omsyn til barnet sjølv og til dei andre barna.

Sjuke barn skal vere heime til dei er symptomfrie.

Det er mykje smitte i barnehagen og det er viktig at de ikkje sender barn med feber, diare eller andre smittsame sjukdommar i barnehagen.

Har barna kasta opp i løpet av natta, skal barnet ikkje i barnehagen dagen etter, då gjeld 48 timars-regelen.

Det er viktig at de foreldre tar ansvar for at ikkje andre barn og vaksne blir smitta unødvendig.

Vi opplever nokon gongar at foreldre ikkje ynskjer å belaste arbeidsgjevar ved å vere heime med sjuke barn, men ved å sende eit sjukt barn i barnehagen for raskt er de med på at også andre foreldre må vere heime med sjuke barn.

Dette er eit felles ansvar for dykk foreldre!

Barn som kjem til barnehagen må alltid vere friskt nok til å vere ute. Vi har ute-tid kvar dag.

**GJE BESKJED FØR KL.09.30 DERSOM BARNET ER SJUK!**

Dersom barnet blir sjukt i løpet av barnehage-dagen ringer vi til dykk foreldre, slik at de kan hente barnet.


## KOMMENTAR TIL VEDLEGG :

Vi kjører av og til på turar i nærmiljøet på Osterøy med personalet sine bilar. Me vil gjerne ha skriftleg løyve frå dykk foreldre til å ta borna med oss på tur. Borna er sikra som pålagd i trafikkreglane under turen.

Vi har også lyst til å kunna ta med borna til sjøen eller i båt. Då vil dei sjølvsagt ha redningsvest på seg og det vil vera ein voksen som har livredningskurs.

Vi tar bilete av borna i leik og andre aktivitetar. Bileta vert nytta internt i barnehagen og som dokumentasjon i rapportar på Vigilo.

Me må ha skriftleg løyve frå dykk foreldre til å kunna ta bilete av borna. (Sjå vedlegg)



## 18. VEDLEGG

### Vedtekter for kommunale barnehagar i Osterøy

#### 1. Eigartilhøve

Osterøy kommune står som eigar av seks barnehagar. Barnehagane er administrativt knytt til sektor for Oppvekst, undervisning og kultur. Det daglege ansvaret er delegert til styrar ved kvar barnehage.

#### 2. Lovverk

Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, gjeldande forskrifter og retningslinjer, kommunale vedtak og planar for den einskilde barnehage.

#### 3. Føremål

Føremålet med barnehagar er beskrive i Barnehagelova (2021), § 1

*“Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”*

Barnehagane skal primært ivareta barna sine behov. Desse behova er igjen nært knytt til foreldre sine livsvilkår og samfunnsutviklinga elles.

#### 4. Personalet i barnehagen

Osterøy kommune følgjer norm for pedagogisk bemanning og bemanningsnorm jfr. Barnehagelova (2021), kapittel VI. Barna vert rekna som 3 år frå august det kalenderåret dei fyller 3 år, og organisering av personalet og avdelingar vert tilpassa barna sin alder og lovkrava om pedagogisk bemanning og bemanningsnorm.

Den som vert tilsett midlertidig eller fast skal levere tilfredstillande politiattest innan dei byrjar i stillinga, j.fr Barnehagelova §30. Det vert utarbeida arbeidsavtale for alle tilsette og samtlege har teieplikt om den informasjonen dei får om til dømes barn, foreldre og andre tilsette, j.fr. reglane om teieplikt i Forvaltningslova § 13.

## **5. Foreldremedverknad og Samarbeidsutval, jfr.§4**

For å sikra samarbeid med heimane til barna, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU). I foreldrerådet er alle foreldre medlemmar, ein skal fremje foreldra sine fellesinteresser og bidra til samarbeid og eit godt barnehagemiljø for alle barn.

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval, SU, der foreldre og dei tilsette vel sine representantar til SU og er likt representert. Samarbeidsutvalet skal vere orientert om saker som er viktig for innhaldet i barnehagen, for verksemda og for forholdet til foreldra. Årsplanen skal godkjennast av SU. Det skal først protokoll frå kvart møte i SU. Styrar ved barnehagen er sekretær for SU og har møte-, tale- og forslagsrett. Representant for dei tilsette og foreldre vert vald for 1 år om gongen. Kommunen sin representant vert vald for 4 år.

## **6. Tilbod om barnehageplassar**

### **6.1 Opptak i barnehage**

Kommunen er opptaksmynde og syter for at private og kommunale barnehagar har eitt samordna hovedopptak kvart år til det beste for barn og foreldre, jfr. Barnehagelova §17.

Opptakskrins for kommunale barnehagar er barn som er busett og folkeregistrert i Osterøy kommune. Opptak av born i den einskilde barnehage vert gjort av styrar ved kvar barnehage. Ein søker om barnehageplass i programmet Vigilo via heimesida til Osterøy kommune.

#### ***Hovedopptak med søknadsfrist 1.mars (frå 2022)***

Tilbod om plassar til dei borna som har rett til plass i barnehage, j.fr Barnehagelova §16.

*«Rett til plass i barnehage*

*Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt».*

#### ***Overflyttingsopptak med søknadsfrist 15.februar (frå 2022)***

Barn som har barnehageplass i Osterøy kommune og som ønskjer å byte barnehage må søke innan 15.februar. Dette er barn som har fått retten til barnehageplass innfridd og som ikkje har krav på ny barnehageplass. Det er ikkje ein garanti for å få plass, men det vert vurdert om det er mogeleg å gje plass og samstundes ivareta dei borna som har rett på barnehageplass i hovedopptaket. Denne vurderinga gjer styrar og barnehagemynde saman.

#### ***Suppleringsopptak***

Dersom barnehagane får ledige plassar i løpet av året vil styrar gje tilbod om plass ut frå opptakskriteriene og ventelista i den aktuelle barnehagen.

### **6.2 Opptakskriterier for dei kommunale barnehagane**

Det kjem fram av Barnehagelova §13 og §16 at har nokon rett til prioritet ved opptak. Kommunen har høve til å setje eigne opptakskriterier. Opptakskriterier gjeld under føresetnad av at dokumentasjon vert lagt fram når det er søkt om barnehageplass. Punkta står i prioritert rekkefølge.

- a. Barn med nedsett funksjonsevne jfr. Barnehagelova § 13. Krav: dokumentasjon av lege.
- b. Barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barneverntenester og Barnehagelova § 13.  
Krav: dokumentasjon frå barneverntenesta.
- c. Barn som har rett til barnehageplass, j.fr Barnehagelova §16.
  - i. Barn av fast tilsette i kommunen, i bransjar der det er vanskeleg å rekruttere tilsette.  
Krav: dokumentasjon av tilsetting
  - ii. Søsken i same barnehage. Krav: vis til søsken i søknaden.
  - iii. Barn som har rett til barnehageplass, j.fr §16.
- d. Barn som har plass i barnehagar og ønskjer å byte barnehage.

### **6.3 Klage på opptak**

Tildeling av barnehageplass skal skje i samsvar med fastsette opptakskriterier. Visar til § 6 -10 i Forskrift om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage.

Ved hovedopptaket kan søkar klage over avslag på søknad eller om søkar verken får oppfylt første eller andre ønskje. Ved suppleringsopptak og overflyttingsopptak har berre dei som har prioritet ved opptak j.fr. Barnehagelova §13 og opptakskriteriene a og b, klagerett.

## **7. Oppseiing og permisjon**

Oppseiing må skje innan den 1. i kvar måned og oppseiingstida er 1 måned.

Foreldre seier opp plassen i Vigilo-programmet.

Ved ny plass; dersom plassen vert sagt opp etter 15.mai må det betalast for heile august.

Dersom ein flyttar ut frå kommunen mister ein retten til barnehageplass i Osterøy kommune.

Det kan gjevast permisjon frå barnehageplass i inntil eit barnehageår.

Permisjonssøknad må vere skriftleg og behandlast av styrar. Søknaden må leverast innan den 1.i månaden og kan ta til tidlegast 1 måned etter. Etter endt permisjonstid kan kommunen ikkje garantere plass til ei viss tid, men foreldre vil få tilbud når det vert ledig plass.

## **8. Opningstider, ferie og planleggingsdagar**

Familiane står fritt til å nytte opningstida i barnehagane slik dei ønskjer.

Opningstida til dei kommunale barnehagane er følgande alle kvardagar:

- Lonevåg barnehage kl. 07.00-16.30
- Hauge barnehage kl. 07.00-16.30
- Haus barnehage kl. 07.00-16.30
- Valestrand barnehage kl. 06.55-16.30
- Fotlandsvåg barnehage kl. 07.00-16.30
- Mjøsdalen barnehage kl. 07.00-16.00

Barna skal sikrast tre veker ferie og dei skal vera samanhengande. Det er ikkje krav om at barna har ferie utover desse tre vekene. Barnehagane er feriestengt dei tre siste vekene i juli.

Barnehagen har seks planleggingsdagar - desse dagane er barnehagen stengt.

Juli måned er betalingsfri og dekker tre veker ferie i juli og planleggingsdagar gjennom eit barnehageår.

Barnehagane er stengt 24. desember og 31. desember.

Onsdag før påske er barnehagane opne til kl.12.



## **9. Betaling, søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling**

Stortinget fastset maksimalpris for ein barnehageplass kvart år når dei behandlar statsbudsjettet. Prisen vert då regulert i tråd med den nasjonale prisreguleringa.

Barnehagane kan ta kostpengar i tillegg, som skal dekke måltida barna får servert i barnehagen.

### **9.1 Betaling for barnehageplass**

Faktura på barnehageplassen vert sendt ut i byrjinga av månaden. Om fakturaen ikkje vert betaling vil første purring sendast ut 14 dagar etter betalingsfrist. For skriftleg purring vert det lagt til purregebyr. Rente ved forseinka innbetaling er 12% jfr. "Lov om forseinka betaling" 17.12.76. og "Lov om inkasso" av 13.08.88 nr.26 med forskrift.

Om foreldre ikkje klarar å betale skal det setjast opp ei nedbetalingsordning mellom foreldre og kommunen. Foreldre kan kontakte styrar om dette på eige initiativ.

### **9.1 Søskenmoderasjon**

Dersom ein har fleire barn i barnehagane vil foreldre få søskenmoderasjon. Barn nr.1 betalar full pris, barn nr 2 får 30% frådrag og barn nr. 3 får 50% frådrag. Foreldra treng ikkje søke om dette.

### **9.2 Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid**

Ein barnehageplass skal ikkje koste meir enn 6 % av familien si inntekt og foreldre har då rett på redusert pris. Foreldre må søke via barnehageopptakssystemet Vigilo og leggje ved dokumentasjon på hushaldet si samla inntekt. Det må søkast på nytt kvart barnehageår og det må leggest ved oppdatert dokumentasjon på inntekt.

Foreldre kan søkje « redusert foreldrebetaling » og « gratis kjernetid », som gjeld barn 2-5 år, om familien har ei samla inntekt under ei viss inntektsgrense. Frå 1.august 2021 er inntektsgrensa for redusert foreldrebetaling kr 583.650,-.

## **10. Internkontrollsystem og arealutnytting**

Miljøretta helsevern i Bergen Kommune er leid inn av Osterøy kommune til å føre tilsyn med barnehagar og skuler etter forskrift om Miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. Forskrifta er heimla i Folkehelselova.

### **10.1 Internkontroll**

Kvar barnehage har eit internkontrollsystem som dokumenterar at helse, miljø og tryggleik er ivareteken jfr. Osterøy kommune sitt HMT- system og forskrift om Miljøretta helsevern.

### **10.2 Godkjent leike- og opphaldsareal**

Med leike- og opphaldsareal meiner ein det arealet som reelt står til rådvelde for barnehagen sine aktivitetar og som er godkjent av Miljøretta helsevern.

Osterøy kommune har 4 m<sup>2</sup> leike- og opphaldsareal per barn over 3 år.

Barn under 3 år har 5,3 m<sup>2</sup> leike- og opphaldsareal per barn.

Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gonger leike- og opphaldsarealet inne.

Vedtektene vart  
lagt fram for Formannskapet 17.03.21

## HENTING AV BARN I BARNEHAGEN OG TELEFONLISTE

I Haus barnehage leverer vi ikkje ut barna til nokon andre enn føresette, utan samtykkje frå foreldre. Dersom de ynskjer, kan de føre opp ein eller fleire personar som kan hente barnet dykkar utan beskjed. Hugs å ta med etternamn.

Eg/vi..... samtykkjer at desse kan hente..... i barnehagen.

Namn på den som kan hente barnet	Relasjon til barnet	Telefon nummer



**Osterøy  
kommune**

Sektor for oppvekst, undervisning og oppvekst

## **VOGNRUTINER**

Vedkjem.....barnet sitt  
namn

Born som søv i barnehagen skal ha med sine egne vogner. Vogn og sele skal vera i orden når det vert levert til barnehagen. Vogna er foreldra sitt ansvar. Foreldre og tilsette skal gå gjennom vogna saman. Alt i vogna må merkast med namn (som pose, regntrekk, myggnetting eller andre ting)

Dette er foreldra sitt ansvar og vogna skal heim kvar fredag for ettersyn.

Dersom barna har smokk når dei skal sove har foreldra ansvar for å sjekke jamnleg at den er i orden.

Haus barnehage har sovevakt som er ved vognene heile tida medan borna søv.

Set kryss

- Vogna som barnet skal sova i er i forsvarleg stand
- Selen i vogna er i forsvarleg stand
- Eg ynskjer ikkje at mitt barn skal sove i sele
- Eg ynskjer at mitt barn skal sove i sele
- Vogna har regntrekk
- Vogna har myggnett

.....  
Stad/dato

Underskrift foreldre



Osterøy  
kommune

Sektor for oppvekst, undervisning og kultur

## SAMTYKKEERKLÆRING

Barnehage..... Barn.....

Eg/vi tilet at:	Samtykker	Samtykker ikkje
Mitt/vårt barn kan ta offentlig transport på tur med barnehagen.		
Mitt barn/vårt barn kan sitja i privatbil sikra ift krav		
Mitt/vårt barn kan sitja på i drosje sikra ift krav.		
Mitt/vårt barn kan vera med på tur til sjø/vatn sikra ift barnehagen sine retningslinjer for slik ferdsel.		
Mitt/vårt barn kan vera med i båt. ift barnehagen sine retningslinjer (Personale med godkjend livbergingskurs og alle har redningsvestar)		
Bilete av mitt/vårt barn kan bli brukt som illustrasjon i barnehagen sine plandokument. Vi er varsame med korleis barna vert eksponert og namngir ingen		
Mitt/vårt barn kan vera med på bilete/film til internt bruk i barnehagen.		
Bilete av mitt/vårt barn kan bli brukt i media(avis, tidskrift)		
Mitt/vårt barn kan namngjevast i media(avis, tidskrift)		
Namn, adresse og telefonnummer kan delast med andre føesette. (Laga liste på kvar avdeling)		
Mitt/vårt barn kan vera med på bilete(papirutgåve)gitt ut til andre barn. (eks:når barna sluttar i barnehagen)		
Mitt/vårt barn kan vera med på bading i basseng		
Jod tablett:Mitt/vårt barn kan gis jod-tablett ved ei atomhending med utslepp av radioaktivitet(sjå info)		

Bilete som føresette/ besteforeldre tar på arrangement i barnehagen må ikkje leggjast på nett eller på anna måte publiserast.

Lest og godtatt

.....

.....


Stad og dato

underskrift føresette

## **RÅD OM MÅLTID I BARNEHAGEN – HELSEDIREKTORATET**

I Rammeplan for barnehagen står det at måltid og matlaging skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.

1. Barnehagen bør legge til rette for minst tre faste måltider om dagen, med medbrakt eller servert mat
2. Barna i barnehagen bør få god tid til å spise, minst 30 minuttar
3. Mat og måltider som serveres i barnehagen bør være varierte og i tråd med Helsedirektoratets kostråd
4. Barnehagen bør servere grønnsaker og frukt eller bær hver dag
5. Barna bør få tilbud om lett- eller skummet melk og vann til måltidene i barnehagen, og vann bør alltid være tilgjengelig
6. Servering av kaker, kjeks, is, saft og liknende bør begrenses i barnehagen. Godteri, snacks og brus bør unngås
7. Spisemiljøet i barnehagen skal fremme helse, mat- og måltidsglede, og personalet bør delta aktivt i måltidet
8. Måltidene i barnehagen skal være en pedagogisk arena der barna får medvirke i mat- og måltidsaktiviteter
9. Det skal legges til rette for god hånndhygiene i barnehagen, og hånndvask bør gjennomføres før måltidene
10. Maten i barnehagen skal være lagret, tilberedt, servert og merket i samsvar med regelverk og råd fra Mattilsynet
11. Barnehagen skal ta hensyn til barn som har særlege behov knyttet til mat og måltider
12. Barnehagen bør ha en miljøvennlig praksis med lite matsvinn og et mattilbud hvor plantebaserte matvarer og fisk og sjømat er sentralt



**Osterøy  
kommune**

**Sektor for oppvekst, undervisning og kultur**

## **ERKLÆRING OM HELSETILSTAND FOR BARN I HAUS BARNEHAGE**

Opplysningane blir behandla konfidensielt og oppbevarast etter personopplysningslova. Skjema blir makulert når barnet sluttar i barnehagen.

Helseerklæring kan skrivast av lege som undersøker barnet, eller av føresette dersom barnet har møtt til ordinære undersøkingar på helsestasjonen.		
Barnet	Namn:	Fødselsnr.
	Adresse:	Telefon:
Føresette	Namn:	Telefon:
	Adresse:	
	Namn:	Telefon:
	Adresse:	
Kven kan kontaktast når barnet er i barnehagen	Namn og adresse:	Telefon:
	Namn og adresse:	Telefon:
	Namn og adresse:	Telefon:
	Ev.andre:	Telefon:
Opplysningar om barnet	Spesielle forhold barnehagen bør kjenne til (ved behov bruk eige a	

Sjukdomar	Nedsett høyrsel: Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Har innsett dren <input type="checkbox"/> Ørebetennelse: Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ofte <input type="checkbox"/>
	Synsvanskar:
	Feberkrampar: Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Eventuelle tiltak:
	Har barnet: Astma <input type="checkbox"/> Allergi <input type="checkbox"/> Eksem <input type="checkbox"/>
	Kva er barnet eventuelt allergisk mot/matintoleranse:  Eventuell medisinerings:
Vaksinasjon	Har barnet fulgt helsestasjontilbodet, og det ordinære vaksinasjonsprogrammet: Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Dersom nei, kva vaksiner er ikkje tatt:
Underskrift	Av omsyn til ditt eige og andres barn må barnet vere friskt når det er i barnehagen. Ved tvil, kontakt helsesøster eller lege. Dersom barnet eller sysken har smittsam sjukdom, vil eg/vi sørgje for å underrette barnehagen <input type="checkbox"/>
	<p>_____</p> <p>Stad, dato                                      Underskrift</p>



**Osterøy  
kommune**

## **Utlevering av jodtablettar ved ein atomhendelse**

### **Informasjonsskriv til føresette i skular og barnehagar**

Jodtablettar er aktuelt ved ein eventuell atomhendelse med utslepp av radioaktivt jod. Årsaker til ein hendelse kan vera utslepp frå eit av Europas kjernekraftverk, utslepp frå reaktordrevne fartøy langs Norskekysten, ein terroraksjon eller anna.

Jodtablettar er dristibuert og vert lagra ved skular og barnehagar på Osterøy.

Målgruppa for jodtablettar er barn og unge under 18 år. Gravide og ammande.

Desse gruppene har styrt opptak av jod og vil difor ha mest nytte av tablettane.

Det kan bli gitt råd om jodtablettar også til vaksne under 40 år.

Tilskudd av jod blokkerer opptaket av radioaktivt jod og reduserer risikoen for å få kreft i skjoldbruskkjertelen. Jodtablettar beskytter kun mot radioaktivt jod, og ikkje mot andre radioaktive stoff.

Det nasjonale Kriseutvalget for atomberedskap vil, ved ein atomhendelse, om nødvendig gi ein anbefaling om inntak av jodtablettar, sannsynligvis saman med eit råd om å oppholde seg innandørs.

Jodtablettar skal inntas så raskt som mogeleg etter at Kriseutvalget for atomberedskap har anbefalt det.

Skular og barnehagar innhenter foreldresamtykke frå føresette til at dykkar barn skal få utlevert jodtablettar etter anbefaling frå myndighetene ved ein eventuell hendelse.

Skular og barnehagar i Osterøy kommune sørger for utlevering til barn/elevlar som oppheld seg på skulen/barnehagen og varslar føresette. Barna/elevane inntar tablettane når dei får dei utlevert.

Jodtablettar er også no tilgjengeleg for heimelagring (reseptfritt på apotek) og det anbefales at familier kjøper inn til alle under 40 år, gravide og ammende.

Advarsler og forsiktighetsregler:

- Risikoen for bivirkningar ved bruk av jodtablettar er svært liten for barn og unge
- Gravide og ammende skal unngå høgare dosering enn anbefalt
- Ved tilførsel av jod til nyfødte (første levemånad) gjeld spesielle forsiktighetsreglar
- Personar som har betennelse i skjoldbruskkjertelen (thyeoiditt) forstyrrelser i skjoldbruskkjertelen eller har dermatitis herpetiformis (Dührings syndrom) skal ikkje ta jodtablettar
- Personar som er allergiske overfor kaliumjodid eller nokon av dei andre innholdstoffa i legemidlet (listet opp i pakningsvedlegget) skal ikkje ta jodtablettar

Anita Sørtveit, kommuneoverlege